

Jon som fylkesordfører



Jon Askeland er Vestland Sp sin fylkesordførarkandidat. Han er fylkesordfører i dag og gjer ein kjempejobb. Han brenn blant anna for gode gode lokalsamfunn med tenester nær folk, og vil utvikle heile fylket.

Her er nokre saker Vestland Senterparti skal jobbe for som er viktige for Hyllestad:

- sikre økonomien i vestlandslandbruket og i mjølkeproduksjonen ved å auke investeringsstøtta og tilskotsordningane, slik at ombygging til lausdriftsfjøs skal vere økonomisk forsvarleg
- at små bruk som ikkje har økonomi eller driftsgrunnlag for å bygge om til lausdriftsfjøs skal kunne drive med dispensasjon til bygningsmassen er utdatert og det må gjerast store endringar eller nybygg for å kunne halde fram
- auke løyvingar til fylkesvegane, og midlar til rassikring av fylkes- og riksvegar
- arbeide for å fjerne flaskehalsar på fylkesvegane for å sikre betre framkomst for næringslivet
- støtte arbeidet med regionalparker, geoparker, biosfæreområde og verdsarvparken og bidra til å utvikle dette som ein modell for lokalt samfunnsutviklingsarbeid
- vidareføre ordninga med tilskot til lokale kulturbygg
- arbeide vidare med å auke statleg støtte til kulturinstitusjonar med nasjonal status
- at nærskuleprinsippet skal gjelde ved inntak til vidaregåande skular
- vere pådrivar for at all køyreopplæring skal vera gyldig fråvær
- arbeide for å auke utstyrstipendet og bortebruarstipendet
- vidareføre ein desentralisert vidaregåande skulestruktur
- alle vidaregåande skular får disponere ein fri pott med midlar som skal nyttast til skulehelse- og miljøfremjande tiltak
- sikre ungdomskortordninga og utvide den ned til 13 år
- arbeide for 100 % mobildekning, utbygging av høghastigheitsbreiband i heile fylket, og prioritere stadar som ikkje har dekning først
- sikre eksisterande lokalbåt, ekspressbåt - og ferjeruter med regularitet minst som i dag, og auke kapasitet på ruter med aukande trafikk
- arbeide for å få tannhelse inn i eigenandelsordninga
- at nye oppgåver som vert overført frå staten skal føre til nye arbeidsplassar i heile fylket



Info om Hyllestad SP finn du på

www.senterpartiet.no

eller **Facebook Hyllestad Senterparti**

Her er noko av det Hyllestad Senterparti har arbeidd for og lukkast med i denne perioden:

- oppretthelde bustadtilskotet
- behelde dagsenteret, kjøkkenet og vaskeriet på Eiklund
- sikra kinotilbodet
- fått på plass vedtak om utgreiing av basseng
- utbygging av høghastigheitsbreiband
- tilrettelagd næringsareal
- asfaltering av kommunale vegar
- bygdeutvikling via LivOGLyst-prosjekta
- starta forprosjekt på ny fløy ved Hyllestad skule
- fått VG1 bygglinje tilbake til Dale vgs
- varm lunsj i skulen og barnehagen
- rehabilitering av dei kommunale bygga
- auka løyvinga til Hyllestadfondet
- løyvd pengar til kursing av røykdykkarar



Hyllestad Senterparti

Kommunevalet

2023



Morten Askvik: Ordførarkandidat. Bur på Hyllestad, 51 år, adjunkt. Eg ønskjer å bidra til at Hyllestad kommune framleis skal vere eit godt samfunn å bu og jobbe i. Vi skal ha attraktive lokalsamfunn. Gode moglegheiter for fritidsaktivitetar gjennom heile livet, eit næringsliv som kan halde fram med å utvikle seg og gode kommunale tenester er områder eg vil prioritere. Eg vil jobbe for best mogelege føresetnadar for å leve gode liv i Hyllestad.



Karin Tonning Hatløy: Bur på Sørbøvåg, 50 år, adjunkt. Eg vil at Hyllestad skal vere ein attraktiv og god kommune, både å bu og jobbe i. Gode oppvekstvilkår med varierte aktivitetstilbod for alle aldersgrupper, levande bygder og eit rikt næringsliv er viktig. Eg er oppteken av likeverdige tenester nær folk der dei bur.



Dag Ove Austgulen Myklebust: Bur i Skifjorden, 41 år, byggingeniør. Eg er opptatt av å bruke heile kommunen både på busetnad og næringsliv. Variert næringsliv, god infrastruktur, gode aktivitetstilbod og eit engasjert lokalsamfunn vil kunne skape levande grender og bulyst. Det er like viktig å ta vare på innbyggjarane vi har i kommunen i dag og skape gode tenestetilbod for dei som å leggje til rette for tilflytting.




Tanja Kvellestad Akse: Bur på Hyllestad saman med sambuar og to barn, 25 år, spesialpedagog. Eg ønskjer å bidra med å skape god butrivsel blant innbyggjarane i kommunen i alle aldrar. For meg er det viktig at alle blir ivaretatt og sett. Eg er oppteken av at kommunen skal ha gode rammer rundt utdanning, trivsel, næringsliv og andre kommunale tenester.



John Gerick Bårøy: Bur på Hovland i Lifjorden, 32 år, elektromontør. Eg er oppteken av å halde liv i bygdene i Hyllestad og samstundes samarbeid for å gjere Hyllestad til den beste plassen å føle seg heime. Det er viktig å sjå, lytte og tilretteleggje for unge innbyggjarar både på fritida og for eit aktivt næringsliv.



Ragnhild Gudmundsos: Bur på Rysjedalsvika, 41 år, helsefagarbeidar. Det er viktig å leggje til rette for folk som vil flytte heim og for at dei som er her skal bli verande med nok arbeidsplassar, barnehage, skule, fritidsaktivitetar, bra vegstandard, og god kollektivtrafikk for både buss og båt. Eg er oppteken av å oppretthalde bøndene for å ha norsk mat.



Christer Systad: Bur i Leirvik, 27 år, mekanikar. Eg er oppteken av å ta vare på eksisterande næring samt leggje til rette for utvikling av næring i kommunen. Det er viktig å gjere kommunen til ein attraktiv plass for å bygge, bu og leve, samstundes som innbyggjarane skal ha gode tilgjengelege tenester.



Turid Janka Langedal: Bur i Skifjord, 50 år, lærar i vidaregåande skule. Eg er oppteken av at Hyllestad skal vere ein framtidretta kommune med gode servicetilbod, god infrastruktur og innbyggjaren i fokus. Eg synest det er viktig at ein kan få busetje seg der ein ønskjer, og at ein i gjennom gode og effektive tenester kan leggje til rette for auka tilflytting, husbygging og arbeidsplassar i trivselskommunen vår.



Agnete Solheim: Bur på Åfjorddalen, 26 år, pedagogisk leiar. Eg ønskjer meg levande grender med spreidd busetnad. Hyllestad skal vere ein god stad å bu og vekse opp, med landbruk, næringsliv og gode tenester nær innbyggjarane.



Bjarne Andre Lekva: Bur i Lifjorden, 42 år, mekanikar på anleggsmaskiner. Eg jobbar i eige firma og har også gardsbruk med forskjellige dyr. Eg er opptatt av at alle ikkje kan bu i byane, nokon må bu i utkantane også. Senterpartiet sin politikk passar meg best, og er best for Hyllestad.



Inger Hauken: Bur på gard i Høydal, 67 år, pensjonert adjunkt. Eg vil eg alltid vere oppteken av gode og trygge oppvekstvilkår som gjer at ungdommane får lyst til å komme tilbake til Hyllestad etter utdanning. Då treng vi også eit variert næringsliv. Eg vil at det skal vere lett å busetje seg og etablere seg i kommunen. Vi treng også eit variert aktivitetstilbod for alle aldersgrupper og ei velfungerande eldreomsorg.



Andreas Akse: Bur på Akse, 24 år, mekanikar og bonde. Eg driv med mjølk og kjøttproduksjon. Eg er oppteken av at ein lyt ta vare på og leggje til rette for at næringsliv og lokalsamfunn skal få utvikle seg i den grad at ein stiller seg best for tida som kjem. Senterpartiet legg til rette for dette!



Frode Risnes: Bur på Risnes, 52 år, formann på asfaltfabrikk, og driv eit småbruk med hytteutleige. Eg ønskjer å bidra til at Hyllestad skal vere ein kommune folk flyttar til og ikkje i frå. Det er viktig å tillate spreidd bustadbygging, ha gode aktivitetstilbod for alle aldersgrupper, og ha ein ein god skule, helsesektor og infrastruktur. Eg er opptatt av å ta godt i mot dei som ønskjer å skape noko nytt i Hyllestad samt å ta vare på det vi har.



Idar Kristian Gjervik: Bur i Skifjorden, 40 år, driftsteknikar på oppdrettsanlegg. Etter å ha jobba i både psykiatri og helse tidlegare, ser eg viktigeita med tenester nær folk. Det viktige for meg er tenester nær folk, spesielt helsetenester, og busetnad i heile kommunen. Eit godt og variert fritidstilbod for fastbuande og tilreisande er eg også oppteken av.



Gunn Skresholdt: Bur i Lifjorden, 53 år, postbod. Eg er oppteken av at Hyllestad skal vere ein kommune som nye og allereie fastbuande vil trivast i. Eg er oppteken av at det er aktivitetar og utdanningsmoglegheiter for ungdom i nærleiken. Godt vedlikehald av vegane, både sommar og vinter, er viktig.



Aleksander Tonning Hatløy: Bur på Sørbøvåg, 24 år, anleggsmaskinførar og bergsprengar. Eg er oppteken av at kommunen skal vere attraktiv å bu i, og leggje til rette for nyetablerarar. I tillegg er det viktig med god vegstandard, mobildekning og fiber til alle. Eg ønskjer at alle aldersgrupper skal ha gode tilbod til fritidsaktivitetar.



Brit Inger Skaar: Bur på Skor, 56 år, ufør. Eg vil arbeide for å gjere barn trygge og gode oppvekstvilkår, og at eldre og sjuke skal verte behandla med respekt og verdigheit. I distrikta skal vi også ha vår del av samfunnsgodene, som fastlegar og eit godt behandlingstilbod. Eg vil at vi i distrikta skal få behalde meir av verdien av naturgitte ressursar.



Geir Sverre Ulvik: Bur på Sørbøvåg, 63 år, adjunkt. Eg meiner at det skal vere levande lokalsamfunn i heile landet, og for å få til det, må så mange tenester som mogeleg finnast nær der folk bur. Næringsliv i alle former må ha gode nok vilkår slik at eksisterande består og nye former kan oppstå. Eg er også oppteken av eit sterkt og variert kulturtilbod.